LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Fronta Bygg AS
Andrea Marie Gundersen
Espelandsvegen 151
5258 BLOMSTERDALEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 30.06.2016 |
| Vår: 14/5739 - 16/18815 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest for næringsbygg - gbnr 137/775 Alver

**Administrativt vedtak. Saknr: 334/16**
**Tiltakshavar:** Møn Eigedom AS
**Ansvarleg søkjar:** Fronta Bygg AS
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 01.10.2014. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 31.05.2016 og supplert 30.06.2016

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Galteråsen 10A |
| Bygningstiltak: | Næringsbygg |
| Bygningsnummer: | 300489335 |
| Bruksareal: | 1.371 $m^2$ |
| Avløp: | Offentleg |
| Vatn: | Offentleg |
| Tal på røykløp: | - |

**VEDTAK**:
Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for [tiltak] på gnr. [X], bnr. [X]. Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5739

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Knut Bjørnevoll<br>saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fronta Bygg Bergen AS | Espelandsvegen 151 | 5258 | BLOMSTERDALEN |
| Møn Eiendom AS | | 5936 | MANGER |
| Teknisk drift | Her | | |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fronta Bygg AS | Espelandsvegen 151 | 5258 | BLOMSTERDALEN |